

Til:

1. tr. Ida Marie Hetland	Kydlandsvegen 20	4360	VARHAUG
2. tr. Silje Aanestad	Toppavegen 17	4360	VARHAUG
3. tr. Birte Varhaug	Engvegen 2	4360	VARHAUG
4. tr. Kim Håland	Tranevegen 6 B	4360	VARHAUG
5. tr. Gudrun Lerbrekk	Brekkevegen 18	4360	VARHAUG
6. tr. Cecilie Middelthon Skretting	Elgane 3	4360	VARHAUG
7. tr. Eldbjørg Engelsvoll Johan Omland	Ringvegen 34	4360	VARHAUG
vararep. 1. tr. Olav Einervoll	Toppavegen 6	4360	VARHAUG
vararep. 2. tr. Olaug Varhaug Sigveland	Elgane 112	4360	VARHAUG
vararep. 3. tr. Jofrid Mosland	Ævestvollmarka 31	4360	VARHAUG
vararep. 4. tr. Anette Håland	Kråkevegen 17	4360	VARHAUG
vararep. 6. tr. Helene Auestad	Revhaugvegen 12	4360	VARHAUG
vararep. 7. tr. Tormod Nord-Varhaug	Nord-Varhauvegen 100	4360	VARHAUG

Dykkar ref.

Vår ref.
21/29320Arkivkode
035 A20Dato
08.10.2021**Varhaug skule - referat frå møte i FAU 05.10.2021**

Dato: 05.10.2021

Tid: kl 18:00

Stad: Varhaug skule

Desse møtte: : Silje Aanestad, Jofrid Nosland, Kim Håland, Gudrun Lerbrekk, Cecilie Middelthon Skretting, Eldbjørg Engelsvoll og Johan Omland

Forfall: Ida Marie Hetland

Saker:

Møtet starta med at me såg filmen om Varhaug skule.

Sak 1/21: Godkjenning av referat og innkalling
Referat og innkalling var ok.

Sak 4/21: Trafikkvakter

På møtet med politiet møtte det 2 trafikkvakter, Kim og Johan. Det var eit godt møte, og politiet støtta trafikkvaktene i måten dei har agert på tidlegare. Det viktigaste er å vera synlege, og at dei er tydelege i det dei gjer. Bilistane må ikkje lura på kva trafikkvaktene meiner. FAU og skulen arbeider vidare med å få fleire vakter. Det viktigaste krysset å få dekkja er brua over jernbanen (Buevegen/Ånestadvegen). FAU representantane purrar på klassekontaktane og lærarane legg ut informasjon og oppfordring på nettstaden for trinnet. Johan utarbeider eit forslag til tekst.

- Sak 5/21: Gleding**
Silje og Cecilie har informert styrarar og rektorar på Varhaug om prosjektet. Det legg opp til eit samarbeid mellom FAU i barnehagane og skulane på Varhaug, og organisasjonar og lag i bygda. Desse skal på sikt utarbeida 5 punkt som er retningsgjevande for alle korleis alle vaksne skal agera. Alle har stor tru på at dette kan gjera ein skilnad for bygda vår. Me har funne fram til desse organisasjonane som kan bidra i vidare arbeid: VIL, Varhaug misjonshus, Svala 4H, Bygdeungdomslaget, Elgane speedway, Ungdomsklubben, Speidaren, Vennelaget for løå, Skytterklubben, Hå sjakk, Karaten, Bondekvinnelaget, Bondelaget, Pulsen, Lions og inkludering ved Sirwan.
- Sak 6/21: Tilbakemelding frå opningsfesten 04.10.21**
Det vart ein kjekk opningsfest! Gildt med alle gjestene som stilte opp. FAU likte at me fokuserte på elevane i festen, og at dei også fekk delta og bidra. Elevrådet var rådyktige på omvisninga.
- Sak 7/21: Søknadsprosessen på støtte til utemiljøet**
Denne prosessen er meir komplisert enn me såg føre oss. Johan kallar inn landskapsarkitekten i Hå Marta Krystkowiak, Kristian Oftedal, Eldbjørg Engelsvoll og Johan Omland til eit møte for å sjå på mogleikar. FAU vurderer å leggja kunstgras (gjenbruk frå Iden?) på delar av området og skatramper på resten.
- Sak 9/21: Første tankar etter resultatata på nasjonale prøvar på 5. trinn**
Kort oppsummert er me ikkje nøgde med resultatata i engelsk, ok resultat i lesing og kjempebra resultat i rekning.
- Sak 10/21: Reflekskonkurransen.**
Vil FAU bidra med pengar til reflekskonkurransen i år? FAU har ikkje så mykje pengar, og det vil koma utgifter i samband med Gleding-prosjektet. Likevel ønskjer dei å sponsa den gruppa på kvart trinn som prosentvis har størst refleksbruk over ein periode med is til gruppa.

Med helsing
Hå kommune

Wenche Haukland
sekretær